

KVA
SKJER?

MARS

23. mars
Årsmøte i
Venneforeninga
til
Ryfylkemuseet

28. mars
Gjenbrukskafé
og
Bokbaluba
Earth Hour

28.3 til 4.4
Påske på
museet

APRIL

17. april
Sprossadag

23. april
Verdas Bokdag

23. april
Internasjonal
kafé
på Håland

Kongens forteneSTEMEDALJE til Roy Høibo



Roy mottar medaljen frå ordførar i Suldal, Torkel Myklebust. Foto: Nenad Ignjatic

Under ei større markering av Roy Høibo sin avgang med middag, konsert og selebre gjester på Ryfylkemuseet, kunne ordførar i Suldal, Torkel Myklebust, avsløra at Roy var tildelt Kongens forteneSTEMEDALJE. Roy får medaljen for lang og tru teneste gjennom 34 år som direktør for Ryfylkemuseet. I denne perioden har museet vakse frå 1 til 20 tilsette, og det har vorte gjennomført eit omfattande museumsarbeid i regionen. Museet har lukkast særleg godt med utvikling av bygningsvernet, der Ryfylkemuseet i dag er leiar for Nasjonalt nettverk for bygningsvern på musea, og med deltaking i integreringsarbeidet. Museet har fått fleire utmerkingar for dette arbeidet og vart Årets Museum i 1999. Roy har i tillegg vore aktiv i nasjonale og internasjonale museumsorganisasjonar, og har gjennomført fleire samarbeidsprosjekt med museum i andre land.

Me gratulerer Roy med velfortent heider og ære!

Verdas bokdag på museet

På Verdas bokdag, 23.april, feirar vi den nynorske barne- og ungdomslitteraturen. Som ein av fleire arrangørar, ønskjer Ryfylkemuseet velkommen til formidlingsseminar i Suldal. Seminaret er for lærarar, barnehagetilsette, bibliotektilsette, kulturarbeidarar og formidlarar, og vert halde på Suldal kulturhus og på Nesasjøhuset.

Programmet består av spanande foredrag frå gode bidragsytarar, så her vert det høve til solid fagleg påfyll.

Meld deg på [her](#).

Ny steinbukk på gamle tuffer



Museet har laga seg steinbukk takka vera mange gode krefter. Me fekk klyper, blokker, settar og slegger frå Åna fengsel. I tillegg tok me mål og bilete av ein gammal original steinbukk dei hadde. Stokken og ei grusbøtta fekk me frå Magnus Hovda. Kjell Johnsen, handverkar ved Ryfylkemuseet, har smidd beslag. Gode vener + rett kompetanse = steinbukk.

Så no er me sjølvhjelpne neste gong der er ein mur eller ei låvebru som skal vølast.